

05.01.2010

Blir deler av grusbana seld?



Det er området nærmest fotografen som det kan vera aktuelt å selgja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**24. januar skal idrettslaget ha årsmøtet sitt på skulen og ein av sakene som skal opp er eit eventuelt sal av deler av grusbana. Under førre årsmøtet fekk det nye styret i oppdrag å greie ut alternativ til forvaltning av eigedomen og leggja dette fram for neste årsmøte. Det er dette som no skjer.**

Idrettslaget har lenge ynskt å selgja denne bana fordi laget har nok med bana på Heio. Eit mogeleg sal til kommunen har vore lufta, men utan resultat.

Under årsmøtet i januar i fjor vart det antyda at det kan selgjast to bustadomter mellom bana og Geilo for ein antatt inntekt på mellom 300.000 og 600.000. Det var nestleiar Bjørn Olav Tveit som då tok opp saka og ville sjå ho i samanheng med framtida både til laget og Aktivitetshuset.

- Det er området mellom bana og Geilo styret no legg fram forslag om å selgja, men då under eitt, opplyser leiar Eli Eiane Klyve til uskedalen.no. Ho preiserer at det eventuelt må skje ei omregulering til bustadføremål. Styret har ikkje hatt kontakt med mogelege kjøparar.

Årsmøtet vil elles handsama dei vanlege sakene. Leiar og nestleiar er på val. Dei andre i styret no er Bjarte Døssland, Johan Henrik Lyse, Oddmund Soldal og Jostein Hauso. Saker til årsmøtet må vera styret i hende innan 18. januar.

Av Ola Matti Mathisen



Eli Eiane Klyve vart vald til ny leiar under førra årsmøte. Her sit ho som nummer to frå høgre, mellom Hege Lekva og Bjørn Olav Tveit. Til venstre Ole Vidar Monsen og bak avtroppende leiar Michael Røssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)